

Katz, Joseph (ed.) *Stephen Crane in the West and Mexico*, Kent, Ohio: Kent State University Press, 1970.

Nagel, James *Stephen Crane and Literary Impressionism*, University Park: The Pennsylvania State University Press, 1980.

Pritzker, Barry *Matthew Brady*, Greenwich Ct: Brompton Books, 1992.

Sorrentino, Paul (ed.) *The Crane Log*, New York: G.K. Hall and Company, Macmillan, 1994.

## KVINNER SOM GJER MENN TIL KVINNER I LAXDØLA SAGA

Eldar Heide

I Soga om laksdølane er det to parallelle scenar der Brok-Aud og Turid Olavsdotter hemner seg på mennene sine etter at mennene har forlati dei. Helga Kress (1993, 144-145) og Else Mundal (1997, 63) har peika på at dei med måten dei hemner seg på, symbolsk gjer mennene til kvinner. Den tolkinga set dei to forskarane fram som delar av større drøftingar, og har derfor ikkje gått så grundig inn på temaet. Det er likevel så interessant at det fortener å takast opp for seg, og det vil eg gjera i denne artikkelen. Eg har to mål. Det einer er å fylle ut tolkingane til Helga Kress og Else Mundal med å dra inn liknande motiv i andre islendingsoger. Det viktigaste enkeltbidraget mitt er å la historia om Torgils Errabeinsstjup og ammebarnet hans i *Flóamanna saga* kaste lys over at Aud sårar Tord akkurat i brystvortene. Det andre er å prøve å setta motivet der forsmådde kvinner symbolsk gjer mennene sine til kvinner inn i større samanheng i Laksdøla.

Artikkelen avgrensar seg til å drøfte dei to nemnde motiva i Laksdøla, og er ikkje nokon freistnad på å drøfte symbolikk i norrøn litteratur generelt. Den nemnde artikkelen av Else Mundal (1997) er ei slik generell drøfting. Eg vil presisere at eg ikkje ser på hemn generelt i norrøn kultur som ei seksuell symbolhandling, jamvel om eg meiner dei hemnmotiva eg tek føre meg her ser ut til å ha slik symbolikk. Det høver godt om ein finn slik symbolikk i motivet "kvinne hemner seg på tidlegare ektemann fordi han har forsmådd henne". Men motivet er spesielt, og det er derfor eg finn det interessant.

### 1. Aud og Tord

Fyrst tek eg føre meg historia om Tord Ingunsson og Aud i *Laxdæla saga*, og eg tek til med eit samandrag av den. Det fyrste vi får veta om Tord og Aud er at Tord er gift med henne for pengane si skuld, men elsker henne lite (Sveinsson 1934, 87). Så blir Gudrun Osvivsdotter for pengane si skuld gift bort til Torvald Halldorsson, som bur i nærleiken av Aud og Tord. Det skjer mot Gudrun sin vilje, og ho elsker han lite. I staden blir Tord og Gudrun glade i kvarandre, og Tord er mykje hos Aud og Torvald. Ein dag gjev Torvald Gudrun ein kinnhest fordi ho er



vrang, og da spør ho etterpå Tord korleis ho skal løne svivørðinga. Han svarer: "[...] *Gerðu honum skyrtu ok brautgangs höfuðsmátt ok seg skilit við hann fyrir þessar sakar*".<sup>1</sup> Kva slag *höfuðsmátt* det er, får vi veta seinare. Same våren seier Gudrun seg skild frá Torvald. Ei tid etter rid Tord i lag med Gudrun til tings, og da spør Gudrun:

"Hvært er þat satt, Þórðr, at Auðr, kona þín, er jafnan i brókum, ok setgeiri í, en vafit spjörum mjök í skúa niðr?" Hann kvazk ekki hafa til þess fundit. "Lítit bragð mun þá at," segir Guðrún, "ef þú finnr eigi, ok fyrir hvat skal hon þá heita Bróka-Auðr? Þórðr mælti: "Vér ætlum hana litla hríð svá hafa verit kallaða." Guðrún svarar: "Hitt skiptir hana enn meira, at hon eigi þetta nafn lengi síðan."<sup>2</sup> (Sveinsson 1934, 95)

Frå tinget er det ikkje noko å fortelja, seier saga. Men ein dag spør Tord Gudrun

[...] hvat konu varðaði, ef hon væri í brókum jafnan svá sem karlar. Guðrún svarar: "Slíkt víti á konum at skapa fyrir þat á sitt hóf sem karlmanni, ef hann hefir höfuðsmátt svá mikla, at sjái geirvörtur hans berar, brautgangssök hvárttvegga."<sup>3</sup> (Sveinsson 1934, 96)

Tord lurar på å skilja seg frá Aud, men har lyst til å vente til han er heime i bygda. Da kan han få råd frå fleire; ærekjære folk kan jo bli krenkte av skilsmålet, seier han. Men når Gudrun har ymta om at han er motlaus om han ventar, går Tord straks til Lovberget og nemner seg vitne på at han seier seg skild frá Aud. Som grunn nemner han *at hon skarsk í setgeirabrækr sem karlkonur*.<sup>4</sup> (Sveinsson 1934, 96) Brørne til Aud likar dette ille, men held seg i ro. Grunnen til at dei ikkje reiser sak, skal vera at dei ikkje får folk nok. Sidan får Tord Gudrun, og han flytter til heimgarden hennar, Laugar.

Sommaren etter blir Aud vis med at Tord er åleine heime på Laugar i lag med Osviv, far til Gudrun. Ho og resten av gardsfolket er på setra. Ein kveld når dei andre legg seg, rid Aud i lag med ein gjetargut til Laugar, *ok var hon þá at vísu í brókum*.<sup>5</sup> (Sveinsson 1934, 97) Aud rid så hardt at gjetarguten har vanskar med å henge med, og når dei kjem til Laugar, går ho åleine inn i huset der Tord ligg og søv:

Hon gekk í lokrekkjuna, en Þórðr svaf ok horfði í lopt upp. Þá vakði Auðr Þórð, en hann snerisk á hliðina, er hann sá, at maðr var kominn. Hon brá saxi ok lagði at Þórði ok veitti honum áverka mikla, ok kom á höndina hægri; varð hann sárr á báðum geirvörtum; svá lagði hon til fast, at saxit nam í beðinum staðar.<sup>6</sup> (Sveinsson 1934, 98)

Så går Aud ut og rid bort. Tord vil springe opp når han blir såra, men klarer ikkje, på grunn av blodtapet. Når Aud kjem heim, let brørne vel over det ho har gjort, meiner berre det er for lite. Tord ligg lenge med såra sine, *greru vel bringusárin, en sú höndin varð honum hvergi betri til taks en áðr*.<sup>7</sup> (Sveinsson 1934, 98)

Det var handlingssamandraget. Det eg synest er særleg interessant i denne historia, er såret Aud gjev Tord og omstenda rundt det. Helga Kress kommenterer det slik:

"Med áverkum á brjósti kvengerir hún hann. Geirvörtur eru kvenlegt líffæri á líkama karla sem gegna þar engu hlutverki, og við áverkann flæðir úr þeim, ekki mjólk, heldur blóð. Med hægri hendi halda karlar um sverð sín, "en sú höndin varð honum hvergi betri til taks en áður."<sup>8</sup> (Kress 1993, 144)

Eg er samd med Helga Kress i dette. Men etter mitt syn må den argumentasjonen ho presenterer her byggast ut ein del for å gje fullgodt grunnlag for konklusjonen. Det vil eg prøve meg på no. – Etter mitt syn må tolkinga ta utgangspunkt i at gjennomgangstemaet i historia er omsnuing av kjønnsroller. Torvald blir føreslått skulda for å gå i kvinneklede,<sup>9</sup> Aud blir skulda for å gå i mannsklede, og til slutt går ho i mannsklede og gjer manns verk, når ho hemner seg for skuldinga og skilsmålet. Skuldingar om rangsnudd kjønn var sterkt ærekrenkjande i norrøn kultur. Gjekk ein mann i kvinneklede, så var han ikkje mann, og det var den største skamma som tenkjast kunne (jf. Meulengracht Sørensen 1983). Normalt var det òg uakseptabelt av kvinner å gå i mannsklede og slikt noko, jf. den islandske lovboka *Grágás*: *Ef konur gerask svá afsíða, at þær ganga í karlfötum eða hverngi karla síð er þær hafa fyrir breyttni sakir, ok svá karlar þeir er kvænna síð hafa hverngi veg er þat er, þá varðar þat fjörbaugsgarð, hvárum sem þat gera*.<sup>10</sup> (Finsen 1974 1, 47, sitert etter Meulengracht Sørensen 1995, 237, note). Det var likevel ikkje like farleg for kvinner å gå inn i mannsrolla som



for menn å gå inn i kvinnerolla. Vi kjenner ein del døme på at kvinner får ære av å gå inn i mannsrolla, og eitt av dei er det siterte frå Laksdøla. Når Aud får ære av det ho gjer, heng det truleg saman med at dei mennene som skulle ha hevda retten hennar, sviktar. Når dei ikkje gjer det dei skal, har ho ikkje annan utveg enn å gjera det sjølv. Samstundes får Tord større skam når Aud hemner seg på han enn om ein mann hadde gjort det. "In the world of the saga it is shameful for a man to be struck or wounded by a woman, because he cannot avenge himself. It was an infamous deed to use force against a woman" (Meulengracht Sørensen 1983, 76). Det spesielle med Aud i Laksdøla er at ho går så langt over i mannsrolla (jf. Wolf 1997, 678). I *Gísla saga* slår Aud Vesteinsdotter ein mann (Þórolfsson og Jónsson 1943, 101), men det er ikkje nemnt at ho går i brok eller brukar andre mannssymbol. Aud i Laksdøla går derimot i brok og brukar sverd, som kanskje var det fremste maskuline symbolet (våpenbruk var mennene sitt domene, og *sverð* kunne tyde både 'sverd' og 'penis'. Nærare om dette nedanfor). At ho er kvinne i den mannsrolla ho fyller, blir markert av at Tord nektar Osviv å setta etter henne. Likevel opptrer Aud som mann og gjer manns verk, så ein kan seia at ho funksjonelt sett er mann. Motivet er da ikkje "kvinne sårar mann", men "kvinneleg "manns-vikar" sårar mann".

I lys av at gjennomgangstemaet i historia ser ut til å vera omsnuing av kjønnsroller, blir plasseringa av sára Aud gjev Tord interessant. Eg ser det som påfallande at Tord blir sára akkurat i begge brystvortene og i høgre handa, og ikkje andre stader. Det er to ting eg ser som påfallande med det. Den eine er at det er uvanleg å bli sára akkurat i ei brystvorte, og enda meir uvanleg å bli sára i begge. Den andre er at det med eitt stikk skal godt gjerast å få sára ein mann i begge brystvortene og i høgre handa utan at større delar av brystet blir sára ("Sår i brystvortene" høyrest som punktsår). Likevel ser det ut til at Aud stikk Tord berre éin gong, for ho stikk så hardt at sverdet blir ståande fast i senga. Det kan altså verke urealistisk at Aud sårar Tord i begge brystvortene og i høgre handa, men likevel presiserer sogeskrivaren at det er det ho gjer. Det står ikkje generelt at han blir sára i brystet eller i eine handa. Dét kan tyde på at det ligg ei særskild meining i kva slag sår Tord får. Brystvortesåra ligg det nær å forstå i lys av at det like før i saga har vori snakk om brystvortene på menn, attpåtil i den skilsmålsaka Aud vil hemne seg for.

William Ian Miller (1990, 354, note 35) er inne på det når han meiner Aud med sverdhogget over brystvortene på Tord "syr" ei symbolsk skjorte åt han, ei slik utringa kvinneskjorte som Tord hadde rådd Gudrun til å sy åt mannen *sin*. Tolkinga skulle vera fullt mogeleg, og høver svært godt med samanhengen i saga. Dersom dette er symbolikken i hemnen til Aud, så får ho sagt "takk for sist" på knusande vis. Ei innvending kan det likevel vera at dersom det var dette sogeskrivaren ville ha fram - at Aud streka opp ei djupt utringa skjorte på brystet til Tord - så skulle vi vente at Tord hadde fått eit sår tvers over brystet like under brystvortene. Gudrun seier jo at med *brautgangs høfuðsmátt* er brystvortene *berar*, 'berre'. Utringingslinja kjem da under brystvortene. Men det Tord får, er punktsår på brystvortene. Eg vil likevel ikkje avvise tolkinga til Miller, men halde ein knapp på den tolkinga Helga Kress set fram: At poenget er at bryst med rennande brystvorter er kvinnebryst.

For å styrke den tolkinga, vil eg dra inn eit avsnitt i *Flóamanna saga*, som er rekna for å vera frå førstninga av 1300-talet (Vilmundarson og Vilhjálmsson 1991, CLVIII-CLXIV). I saga forliser Torgils Errabeinsstjup på Aust-Grønland, og kona hans blir drepen medan sonen deira enno er spedbarn. For å berge guten, gjer faren slik:

Um nóttina vildi Þorgils vaka yfir sveininum og minntist þá drengiliga á karlmensku, ok kvaðst eigi sjá mega at barn þat mætti lifa nema mikit væri til unnit, ok vill hann eigi at þat deyi. Lætr hann nú saksa á geirvörtuna á sér, ok kemr þar blóð út; síðan lætr hann teygja þat, ok kom þar út blanda, ok eigi lét hann af fyrr en þat var mjólk, ok fæddist sveinninn við, ok um nóttina trúði hann sér eigi til vöku fyrr en hann lét glóð undir fætr sér.<sup>11</sup> (Den lange versjonen,<sup>12</sup> prenta etter AM 445 b 4°, i Vilmundarson og Vilhjálmsson 1991, 288-289)

Um nóttina vill Þorgils vaka yfir sveininum, ok kvaðst eigi sjá, at hann mætti álengdar lifa, – "ok þykki mér mikit, ef ek má eigi honum hjálpa; skal þat nú fyrst taka til bragða at skera á geirvörtuna", – ok svá var gert. Fór fyrst út blóð, síðan blanda, ok lét eigi fyrr af en ór fór mjólk, ok þar fæddist sveinninn upp við þat. (Den korte



versjonen, prenta etter AM 516 4°, i Vilmundarson og Vilhjálmsson 1991, 288-289)

Torgils bergar guten på denne måten, men han døyir likevel nokre få år etter. Da sørgjer Torgils slik at dei må lure han bort frå liket for å få gravlagt guten, og Torgils korkje et eller søv på fire døgn. *Torgils kvæðst mundu várkynna konunum, þótt þær ynni brjóstbörnunum meira en öðrum mönnum.*<sup>13</sup> (Vilmundarson og Vilhjálmsson 1991, 312)

Korleis motivet at ein mann gjev ein unge bryst kan forklarast her i *Flóamanna saga*, går eg inn på nedanfor. I alle høve baserer det seg på ein idé om at ein mann funksjonelt sett kan få kvinnebryst om han skjer seg i brystvortene slik at det renn blod utor dei. Overfører ein tankegangen til Laksdøla, så kan ein oppfatte det slik at Aud symbolsk gjev Tord kvinnebryst når ho sårar han i brystvortene slik at det renn blod utor dei. Dermed blir han symbolsk sett kvinne. Det gjev god meining i lys av at det er eit skilsmål på grunnlag av skuldingar om at ho er kjønnsleg rangsnudd, Aud skal hemne. Det gjev òg god meining ut frå at det like før vori snakk om brystvortene på ein mann i samband med at han skal vera kjønnsleg rangsnudd. Og det gjev meining ut frå at den største skamma for ein mann var å bli stempla som ikkje-mann, som kvinne (jf. Meulengracht Sørensen 1983).

Tolka på denne måten liknar sticket i brystvortene eit *klámhogg* 'skamhogg', eit hogg i rumpeballane. Eit slikt hogg vart oppfatta som ei symbolsk handling med seksuelt innhald (jf. Meulengracht Sørensen 1983, 68-70), avleidd av ideen om at den "passive" parten i ei homoseksuell akt hadde ei kvinnerolle. Både eit slikt *klámhogg* og eit stikk i brystvortene gjer offeret symbolsk sett til kvinne.

Ei innvending mot tolkinga kan vera at det ikkje ser ut som Torgils i den siterte scenen i *Flóamanna saga* får skam av å "vera kvinne". Men seinare ein gong får Torgils sneiord. Når Torgils og dei er komne til bygdené på Grønland, ymtar ein av bygdemennene om at det er uvisst om Torgils er mann eller kvinne (Vilmundarson og Vilhjálmsson 1991, 305. Mannen som seier det, blir straks drepen av ein av mennene til Torgils). Likevel er Torgils gjennomgåande i saga skildra som ein gjæv kar og eit ekte mannfolk, noko som er ganske spesielt når han så klårt har ei kvinnerolle. Forklaringa kan vera at det er kristne normer som er referanseramma. Vakinga med glør under føtene har klåre helgenovertonar, og at Torgils får mjølk i brystet er

inkje mindre enn eit under. At motivet skal forståast i lys av kristne normer, verkar òg rimeleg ut frå resten av saga. *Flóamanna saga* har fleire kristelege innslag enn andre islendingssoger, i det stykket står ho i ei særstilling blant dei (Vilmundarson og Vilhjálmsson 1991, CL-CLI). Elles er det "formildande omstende" for Torgils: Det gjeld livet til sonen hans, og han skjer seg sjølv i brystvortene, slik at han ikkje er objekt for nokon annan mann. Det kan òg sjå ut som han har løynt gjerninga si i mørkret, for når dei kjem til folk, og kvinner tek hand om guten, vil han ikkje ha mjølk før det er mørkt (Vilmundarson og Vilhjálmsson 1991, 302). Likevel ser skrivaren av den lange versjonen det nødvendig å streke under at Torgils fer át som ein kar: Torgils *minntist [...] drengiliga á karlmensku* da han bestemde seg for å prøve å gje guten bryst.

Såret i høgre handa kan tolkast på same måten som sára i brystvortene. Når høgrehanda blir skadd, kan ikkje Tord lenger føre sverdet. Det kan sjå ut som sokeskrivaren har meint å understreke det, for han seier ikkje berre at handa ikkje gror, han poengterer at handa slett ikkje blir betre *til taks*, 'til å gripe med'. Når Tord ikkje kan føre sverdet, mistar han symbolsk sett manndomen på to måtar. For det fyrste høyrde sverdbruken til mannsrolla, så med skadd sverdhand kan ikkje Tord fylle den. For det andre var sverdet fallossymbol, og *sverð* kunne tyde både 'sverd' og 'penis'. Eit døme på det siste finn vi i *Grettis saga*, der adjektivet *sverðlítill* "sverdliten" blir brukt om at Grette er liten nedantil (Jónsson 1936, 240; jf. Meulengracht Sørensen 1983, 60). Utan "sverdevne" er Tord dermed på eit vis impotent, og dermed ikkje-mann etter norrøn ideologi. Måten Aud sårar Tord på kan altså oppfatast som ei symbolsk gjelding.

Dette var det eg hadde å seia om dei to måtane Helga Kress har peika på at Aud gjer Tord symbolsk til kvinne på: At ho gjev han "kvinnebryst" og øydelegg sverdhanda hans. For eiga rekning vil eg dra fram ein ting til i hemnen til Aud som ut frå same symbolsystemet skulle gjera Tord til "kvinne": Sjølve det at Tord blir stukken med sverd der han ligg i senga. Det er to ting som opnar for å sjå slik symbolikk i handlinga. Den eine er det eg nettopp nemnde: At sverdet i norrøn kultur vart oppfatta som fallossymbol. Den andre er at sverdsticket kunne oppfatast som ei symbolsk handling med seksuelt innhald. Meulengracht Sørensen nemner tre døme på det når han drøftar omgrepet *klámhogg* i *The Unmanly Man* (Meulengracht



Sørensen 1983, 68-70). Det klåraste dømet er frå *Hrólfs saga Gautrekssonar*. Der er det ei kvinne som opptrer som mann og har teki kongsnamn. Når Rolv slåst med henne, slår han henne i rumpa med flatsida av sverdet og seier: "*Frú, [...] svá lokkum vér af yðr lendakláðann, ok kalla ek þetta klámhögg.*"<sup>14</sup> (Jónsson 1954 IV, 95) "The similarity between the sexual act and the sword-point was patent in a warlike masculine culture [...]", seier Meulengracht Sørensen (1983, 60). På bakgrunn av dette skulle sverdsticket Aud gjev Tord kunne oppfattast som ei symbolsk seksuell handling. Kirsten Wolf er inne på den tanken når ho skriv at kortsverdet Aud brukar på Tord er "a suggestive token of phallic authority." (Wolf 1997, 678) – Det andre eg meiner opnar for å sjå det som ei symbolsk seksuell handling at Aud stikk Tord med sverd, er sjølve situasjonen og omstenda rundt den:

- Aud stikk Tord når han ligg i senga (ektesenga til han og Gudrun?)
- Det er den tidlegare ektemannen sin ho stikk.
- Ho gjer det på eit tidspunkt ektefolk elles ofte driv med ein annan sengeleik (like etter leggetid).
- Tord ligg når han får sticket. Aud vekker han, men han reiser seg ikkje, snur seg berre på sida, og så stikk ho han.
- I *Gísla saga* har ein liknande scene tydelege erotiske overtonar. Der drep Gisle Torgrim med spjut der han ligg til sengs i lag med kona si, etter at Gisle har sett i scene ein erotisk situasjon mellom dei med å ta på dei i mørket.<sup>15</sup> (Þórolfsson og Jónsson 1943, 53-54)
- Vi kan gå ut frå at når Tord snur seg *á hliðina* fordi han merkar at Aud er kommen inn i rommet, da snur han seg mot henne. Det kan i så fall ha seksuelle overtonar, for *á snúask at 'snu seg mot'*, blir ofte brukt om at ein mann snur seg mot ei kvinne for å ha samleie med henne (jf. Meulengracht Sørensen 1986, 252 og Jochens 1996, 376). Slik les dei fleste granskarane den nemnde scenen i *Gísla saga*. Det siste Torgrim gjorde før han fekk dødssticket var at han *snerisk [...]* *at Tordis* (Þórolfsson og Jónsson 1943, 54). På bakgrunn av det høyrer Jenny Jochens eit ironisk ekko av ein erotisk scene i Tords reaksjon i *Laxdøla*, når han "turned on his side" [...], only to be pierced by his former wife's sword" (Jochens 1995, 203, note 43).
- I ein liknande scene i *Harðar saga* er det som *frýja* Torbjørg går laus på mannen sin med sverd der dei ligg i ektesenga (Vilmundarson og Vilhjálmsson 1991, 90). Den typiske *frýja* er som kjent å skulde

ein mann for å vera "feig som eit kvinnfolk". "Typisk sammenligner en mor eller en far sin søn med en datter", seier Meulengracht Sørensen (1995, 239). Føremålet er å få mannen til "marne seg opp" og oppfylle ei hemnplikt han har forsømt. Slik er det i *Harðar saga* òg. Det Torbjørg i *Harðar saga* uttrykker når ho går laus på ektemannen med sverd i ektesenga, skulle derfor vera: "Du er eit kvinnfolk!" Det gjer det rimeleg å oppfatte den ganske like hendinga i *Laxdøla* på same måten.

Det eg har lista opp her, er med på å skapa inntrykket av rollene til dei tidlegare ektefolka er bytta om. Aud kjem der med brok og sverd som ein mann, og Tord ligg i senga og blir penetrert. Da kan det sjå ut til at det ikkje berre er med sårtypen Aud symbolsk gjer Tord til kvinne. Også rollene ho og Tord har i situasjonen kan uttrykke det: Ho stikk han med sverd i senga.

Hermann Pálsson (1986, 41-52) har laga eit oversyn over sengedrapsscenane i norrøn litteratur, og peikar på at den som blir drepen normalt deler seng med kona si når det skjer. Hermann ser ikkje seksuell symbolikk i desse scenane, men peikar på at scenen der Aud går laus på Tord vik av frå dei andre i det at "legunautur sofanda er karlmaður"<sup>16</sup> (Pálsson 1986, 50), nemleg svigerfaren Osviv. Observasjonen er interessant, for når det ser ut som Tord blir stempla som "kvinne" på den eine måten etter den andre, kunne det høve om det òg vart insinuert at han var seksuelt objekt for ein annan mann. Eg ser likevel ikkje at teksten opnar for denne lese måten, for det står ingen ting om at Osviv og Tord deler seng, det går berre fram at dei søv i same rommet.

Noko påfallande gror såra til Tord heilt ulikt: *Þórðr lá lengi í sárum, ok greru vel bringusárin, en sú hǫndin varð honum hvergi betri til taks en áðr*. I framhaldet av tolkingane ovanfor kan dette tolkast slik: Når brystvortene gror, er ikkje Tord direkte "kvinne" med rennande brystvorter lenger, men så lenge sverdhanda ikkje blir god, blir han heller ikkje fullt ut mann att. Dét gjev meining når ein tenkjer på at Tord er i den spesielle situasjonen at han ikkje kan hemne seg. Han kan ikkje hemne seg fordi det er ei kvinne som har såra han (jf. s. 82), og han kan ikkje hemne seg fordi sverdhanda hans er ubrukande. Dette blir det same: Han kan ikkje hemne det såret kvinna har gjevi han. Det såret ein får av ei kvinne kan ikkje gjerast godt att.



Når Aud hemner seg, går ho i brok, poengterer sogeskrivaren, og ho brukar sverd som ein mann. I den situasjonen sannar ho altså skuldinga om at ho er kjønnsleg rangsnudd, den skuldinga uretten mot henne vart gjort under dekke av, og som ho hemner. Slik eg ser det, tek ho samstundes brodden av skuldinga. For i den spesielle situasjonen ho er i, kan ho gå inn i mannsrolla. Og det er i den rolla ho kastar våpenet til Tord attende på han sjølv. Det er som Aud symbolsk seier: "Jo, visst kan eg vera mann, og som det gjer eg deg til kvinne." Slik tolka, fell Tord for sitt eige våpen, og han fell tyngst. Betre "takk for sist" kunne Aud vanskeleg klekt ut.

## 2. Turid og Geirmund

Med det avsluttar eg drøftinga av hopehavet mellom Aud og Tord. No vil eg ta føre meg ei historie som ser ut til å vera parallell. Litt tidlegare i Laxdæla er det ei anna kone som blir forlaten av mannen sin: Turid Olavsdotter, gift med nordmannen Geirmund Gny. Som Aud, hemner Turid seg på mannen. I lys av tolkinga ovanfor kan ein sjå same symbolikken i den hemnen som i Aud sin.

Geirmund kjem inn i saga ein gong Olav På fer til Noreg. Geirmund får ordna det slik at han får bli med ut att til Island, mot Olav sin vilje. På Island får Geirmund vera hos Olav i Hjardarholt.

"[...] hann var svá búinn jafnan, at hann hafði skarlatskyrtil rauðan ok gráfeld yztan ok bjarnskinnshúfu á höfði, sverð í hendi; þat var mikit vápn ok gott, tannhjölt at; ekki var þar borit silfr á, en brandrinn var hvass, ok beið hvergi ryð á. Þetta sverð kallaði hann Fótbit ok lét aldregi hendi firr ganga." (Sveinsson 1934, 79)

Geirmund legg snart hug til Turid, dotter til Olav. Når Olav ikkje vil la Geirmund få henne, innyndar han seg med rike gáver hos Torgjerd, kona til Olav, og etter hennar forbøn går Olav med på giftarmålet. Samlivet mellom Turid og Geirmund blir ikkje godt, og etter 2½ års samliv vil han fara sin veg. Den eitt ár gamle dotter deira vil han setta att, og han vil ikkje leggja att noko gods. Når Turid og Torgjerd tek denne svivørðinga opp med Olav, legg han ansvaret på Torgjerd. For fredens skuld vil Olav la Geirmund fara frá jentungen, og gjev han jamvel kjøpskipet sitt med full bunad. Men Geirmund blir liggjande lenge ute i øyane og vente på bør. Når Olav har eit ærend heimanfrå,

fer Turid med nokre huskarar ut dit skipet ligg. Der får ho bora hol i skipsbåten, så han blir mellombels ubrukande.

Síðan lét hon sik flytja á land ok hafði meyna í faðmi sér; þat var í sólarupprás. Hon gengr út eptir bryggju ok svá í skipit. Allir menn váru í svefni. Hon gekk at húðfati því, er Geirmundr svaf í. Sverðit Fótbitr hekk á hnykkistafnum. Þuríður setr nú meyna Gró í húðfatit, en greip upp Fótbit ok hafði með sér; síðan gengr hon af skipinu ok til fõrunauta sinna. Nú tekr mærin at gráta. Við þat vaknar Geirmundr ok sezkr upp ok kennir barnit ok þykkisk vita, af hverjum rifjum vera mun. Hann sprettr upp ok vill þrífa sverðit ok missir, sem ván var [...].<sup>18</sup> (Sveinsson 1934, 82)

Geirmund ser Turid og dei ro bort, og sender mennene sine etter dei i skipsbåten, men dei må gje seg når sjøen fossar inn. Da ropar Geirmund på Turid og bed henne gje han sverdet og ta med jenta, "Mikit fé læt ek annat, áðr mér þykkir betra at missa sverðsins",<sup>19</sup> seier han (Sveinsson 1934, 82). Da skal han aldri få det, svarer Turid. Geirmund sver da at sverdet skal bli banen til den mannen i ætta hennar som det er størst tap i. – Etter dette fer Turid heim og gjev sverdet til Bolle.<sup>20</sup> Kva Geirmund gjer med jentungen er ikkje nemnt, men i alle fall får han bør og seglar til Noreg, der han forliser og alle druknar ved Stad.

Else Mundal ser det Turid gjer som "ei symbolhandling og eit nid mot mannen" (Mundal 1997, 63). Når Turid plasserer jentungen hos Geirmund, så får ho sagt at han høver til kvinnearbeid (å passe ungar), og sverdet ho tek frå han tolkar Mundal som mannleg seksualsymbol. Helga Kress uttrykker dei same tankane klårare og meir kategorisk:

"Með aðgerð sinni "geldir" Þuríður mann sinn og gerir hann jafnframt að konu, að madonnumynd, með barnið hjá sér í húðfatinu. Við þetta missir hann vald sitt, og táknraent má vera að hann týnist fyrir ströndum Noregs með skipi sínu og barni."<sup>21</sup> (Kress 1993, 144-145)

Helga Kress meiner i tillegg at symbolikken i denne historia er parallell til den i historia om Aud og Tord (ibid, 144). Som vi ser,



tolkar Mundal og Kress symbolikken i Turid sin hemn på same måten som symbolikken i Aud sin hemn ovanfor. Eg er samd med både Mundal og Kress, men vil drøfte temaet meir inngåande enn dei gjer. Sidan symbolikken i Turid sin hemn ikkje er like tydeleg som i Aud sin hemn, legg eg vekt på å vise parallelliteten mellom dei. Det er fleire openberre parallellar. I begge historiene har ektemannen forlati kona utan god grunn, den eller dei mannlege slektringen/-ane som skal hevde retten hennar gjer ikkje det, og derfor tek ho hand om saka sjølv og hemner seg på mannen. Det som ikkje er like tydeleg, er at symbolikken er parallell, så det vil eg gå nærare inn på. Aud sin hemn over Tord kan analyserast slik:

1. Symbolsk sett er Aud mann når ho
2. symbolsk gjer Tord til kvinne med å
  - 2.1. penetrere han med sverd der han ligg i senga og slik
  - 2.2. symbolsk gje han kvinnebryst og
  - 2.3. øydeleggja sverdhanda hans, og dermed symbolsk gjelde han.

Bortsett frå fyrste delen av punkt 2.1., kan ein sjå alle desse punkta i Turid sin hemn over Geirmund, berre i meir subtil, mindre direkte form:

1. Turid går ikkje i mannsklede, og ho brukar ikkje sverd på Geirmund. Likevel fyller ho ei mannsrolle når ho, som ein hovding, kommanderer huskarane og leier hemnferda.

2.1. Geirmund ligg i "senga" (i skinnfellen, på natteleiet) når Turid hemner seg på han, men det er ein viktig skilnad frå sengescenen til Aud og Tord: Turid stikk ikkje Geirmund med noko våpen.

2.2. Helvta av hemnen til Turid er at ho tvingar Geirmund til å ta hand om eit spedbarn. Barnepass var kvinnfolkarbeid, og skammeleg for ein mann. Men verst er det kan hende for Geirmund at ungen, som berre er årsgammal, mest truleg ikkje er avvent. I den tida var det jo vanleg å gje bryst lenger enn hos oss i dag. Sonen til Torgils i *Flóamanna saga* får t. d. bryst i 2 ½ år. Kristenretten i Borgartingslova har eit forbod mot å gje bryst meir enn 22-34 månader (Keyser og Munch 1846, 340, jf. Benedictow 1985, 29). Når det var nødvendig med eit slikt forbod, tyder det på at mange ønskte å amme lenger enn to år,

og da er det grunn til å tru at normalen var meir enn eitt år. Jochens meiner det var vanleg å amme i 2-2 ½ (Jochens 1995, 81). Da kan det Turid gjer oppfattast slik at ho ikkje berre stemplar Geirmund som kvinnfolk med å gje han kvinnfolkarbeid. Ho kan jamvel insinuere at han skal kunne gje ungen bryst.

2.3. Den andre helvta av hemnen til Turid er at ho tek sverdet frå Geirmund, det sverdet det tidlegare er understreka at han alltid hadde for handa (Sveinsson 1934, 79). At sverdet er fallossymbol og generelt manndomssymbol, har vi alt vori inne på i kapittel 1. Når Turid tek det, ser det ut til at ho òg tek handlekrafta hans. Når Geirmund vaknar, *sprettr* han opp for å gripe sverdet. Men når han innser at han ikkje har det lenger, da *gengr* han berre bortåt ripa. Da vil han at *mennene* skal *hlaupa* i skipsbåten, men sjølv blir han att om bord på skipet, i staden for å prøve å ordne opp personleg. Som ein fjott blir han ståande på skipet og *rope* til Turid.

Desse motiva er ikkje like klåre i denne historia som i den om Aud og Tord. Til gjengjeld heng motiv 2.2. og 2.3. i Turid sitt tilfelle tett i hop. Det er som éi handling Turid tek sverdet frå Geirmund og tvingar han til å ta hand om eit litebarn i staden. Det er som ho seier: "No tek eg manndomen frå deg og gjer deg til amme." Verknaden av det Turid gjer mot Geirmund liknar mykje på verknaden av det Aud gjer mot Tord. Tord blir ikkje god att i sverdhanda si, og Geirmund får ikkje att sverdet sitt. Kvinnene har symbolsk teki manndomen frå mennene, og når dei ikkje kan hemne seg på kvinner, er tapet varig. Da har dei ikkje lang tid att, og dei får same endelykta: Som Geirmund seglar Tord ikkje lenge etter på ein båe i uver og druknar (Sveinsson 1934, 100). – Den viktigaste skilnaden mellom motivbehandlinga i dei to historiene er at Aud sitt symbolspråk er meir eksplisitt og direkte enn Turid sitt subtile og indirekte.

### 3. Motivfunksjonen i saga

Oppgjera mellom Turid og Geirmund og Aud og Tord peikar fram mot det store oppgjeret i saga: Det mellom Gudrun og Kjartan. Kjartan svik ikkje Gudrun slik Geirmund og Tord svik Turid og Aud. Men på eit vis svik han henne likevel. Når Bolle fer heim att til Island medan Kjartan blir att i Noreg, da er dei omme, dei tre åra som Kjartan hadde bedt Gudrun vente på han. Likevel sender han ikkje med Bolle noka særskild helsing åt Gudrun, og slett ikkje noka bøn om at ho må vente



på han eit år til. Han protesterer ikkje ein gong på at han heller vil ha Ingebjørg kongssystem, som han kan få, når Bolle ymtar om at det er det han vil. Så når Bolle frir åt Gudrun på Island, har ho knapt noko val. Når det ser ut til at Kjartan blir i Noreg, kjem Bolle til å vera den beste mannen på Island, og da kan ikkje Gudrun vraka han. Så sjølv om det ikkje kan ha vori meininga til Kjartan å svike Gudrun, så er det sannsynleg at ho kjenner seg sviken på eit vis når Kjartan kjem att til Island året etter. Resultatet er i alle fall at når ho blir degradert til kona åt den nest beste mannen, og da blir stoltheita hennar såra. Da hemner ho seg i fyrste omgang med same symbolikken som Turid og Aud har brukt: Ho får teki sverdet frå Kjartan (Sveinsson 1934, 142). Det sverdet har han fått av Noregskongen, det er overlag fagert, og som Geirmund, brukar ikkje Kjartan å láta þat hendi firr ganga<sup>22</sup> (Sveinsson 1934, 140). Det kjem til rette, men da er det skadd, for slira er borte. Etter det bryr Kjartan seg mindre om sverdet enn før, og han har det ikkje den dagen Bolle ligg i bakhald for han og drep han etter lang strid. Sverdet kan oppfattast som manndomen til Kjartan, og når den forsmådde kvinna har skadd det, kan vi ut frå lagnaden til Geirmund og Tord slutte at Kjartan ikkje har lang tid att. Den skaden Gudrun har gjort på manndomen hans kan ikkje gjerast god att. Truleg er det symbolsk at sverdet til Kjartan blir funni att i eit *fen* 'blautmyr' (berre i hovudhandskrifta), eller ei *kelda* (Sveinsson 1934, 140). Både i islendingsooger og fornaldersoger har *fen* ofte som funksjon å gøyme for godt folk og dyr og kostesame ting som blir kasta i dei eller hoppar uti dei,<sup>23</sup> og *fen* med slik funksjon heiter stundom noko på *-kelda*.<sup>24</sup>

Kva blir så moralen i historiene om forsmådde kvinner som tek manndomen frå mennene som har såra stoltheita deira? Etter mitt syn at kvinnemakta er av eit særskilt, farleg slag. Mennene kan ikkje stå seg mot ho, for dei kan ikkje forsvara seg mot ho som dei kan mot mannspekt. Det kvinnevenlege i dette stemmer med eit velkjent mønster i *Laxdœla saga*.

### Litteratur:

- Benedictow, Ole Jørgen, 1985: "The Milky Way in History: Breast Feeding, Antagonism between the Sexes." *Scandinavian Journal of History* 10. 19-53.
- Clunies Ross, Margaret, 1981: "An interpretation of the Myth of Þórr's Encounter with Geirröðr and his Daughters." I Ursula Dronke, Guðrún Helgadóttir, Hans Bekker-Nielsen og Gerd Wolfgang Weber (red.): *Speculum Norrænum: Norse Studies in Memory of Gabriel Turville-Petre*. Odense: Odense University Press. 370-91.
- Fidjestøl, Bjarne, 1994 (1968): *Soga om laksdølane*. Omsetting. 5. utgåva. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Finsen, Vilhjálmur, 1974: *Grágás. Konungsbók*. 1. del Text 1. 2. del Text 2. Odense: Odense Universitetsforlag. Opptrykk av *Grágás. Islændernes Lovbog i Fristatens Tid, udgivet efter det kongelige Bibliotheks Haandskrift*. Kjøbenhavn: Brødrene Berlings Bogtrykkeri, 1852
- Halldórsson, Jóhannes, 1959: *Kjalnesinga saga*. Íslenzk fornrit 14. Reykjavík: Hið Íslenzka fornritafélag
- Jochens, Jenny, 1995: *Women in Old Norse Society*. Ithaca og London: Cornell University Press
- Jenny, 1996: "Old Norse Sexuality: Men, Women and Beasts" I Vern L. Bullough og James A. Brundane (red.): *Handbook of Medieval Sexuality*. New York og London: Garland Publishing. 369-400
- Jónsson, Guðni, 1936: *Grettis saga Ásmundarsonar*. Íslenzk fornrit 7. Reykjavík: Hið Íslenzka fornritafélag.
- Guðni, 1954: *Fornaldar sögur Norðurlanda I-IV*. [Reykjavík]: Íslendingasagnaútgáfan
- Keyser, R. og P. A. Munch, 1846: *Norges gamle love indtil 1387*. Christiania: Chr. Grøndahl
- Kress, Helga, 1993: *Máttugar meyjar. Íslensk fornþekkingarsaga*. Reykjavík: Háskóli Íslands. Háskólaútgáfan.
- Meulengracht Sørensen, Preben, 1983: *The unmanly man. Concepts of sexual defamation in early Northern society*. Omsett av Joan Turville-Petre. The Viking collection. Studies in Northern civilization ; 1. [Odense]: Odense university press. Revidert omsetting av *Norrønt nid. Forestillingen om den umandige mand i de islandske sagaer*. Odense: Odense Universitetsforlag, 1980.
- 1986: "Murder in marital bed: an attempt at understanding a crucial scene in *Gísla saga*" I John Lindow, Lars Lönnroth og Gerd Wolfgang Weber (red.): *Structure and Meaning in Old Norse Literature*. Odense: Odense University Press. 235-263



- , 1995: *Fortælling og ære. Studier i islændingesagaerne*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Miller, William Ian, 1990: *Bloodtaking and Peacemaking: Feud, Law, and Society in Saga Iceland*. Chicago: University of Chicago Press
- Mundal, Else, 1997: "Symbol og symbolhandlingar i sagalitteraturen." I Ann Christensson, Else Mundal og Ingvild Øye (red.): *Middelalderens symboler. Kulturtekster* 11. 53-69
- Nordal, Sigurður, 1933: *Egils saga Skalla-Grímssonar*. Íslenzk fornrit 2. Reykjavík: Hið Íslenzka fornritafélag
- Ólason, Vésteinn, 1994: "Morð í rekkju hjóna. Þrætt um túlkun Gísla sögu." I Gísli Sigurðsson, Guðrún Kvaran, Sigurgeir Steingrímsson (red): *Sagnaþing helgað Jónasi Kristjánssyni sjötugum 10. apríl 1994*. Reykjavík. 823-828
- Pálsson, Hermann, 1986: *Leyndarmál Laxdælu*. Reykjavík: Bókaútgáfa menningarsjóðs
- Sveinsson, Einar Ólafur, 1934: *Laxdæla saga*. Íslenzk fornrit 5. Reykjavík: Hið Íslenzka fornritafélag
- , 1939: *Vatnsdæla saga, Hallfreðar saga, Kormáks saga, Hrómundar þáttur halta, Hrafn þáttur Guðrúnarsonar*. Íslenzk fornrit 8. ) Reykjavík: Hið Íslenzka fornritafélag
- Sveinsson, Einar Ólafur og Matthías Þórðarson, 1935: *Eyrbyggja saga*. Íslenzk fornrit 4. Reykjavík: Hið Íslenzka fornritafélag
- Þórólfsson, Björn K., og Guðni Jónsson, 1943: *Vestfirðinga sögur*. Íslenzk fornrit 5. Reykjavík: Hið Íslenzka fornritafélag
- Vilmundarson, Þórhallur, og Bjarni Vilhjálmsson, 1991: *Harðar saga*. Íslenzk fornrit 13. Reykjavík: Hið Íslenzka fornritafélag.
- Wolf, Kirsten, 1997: "Transvestism in the sagas of Icelanders." I *Sagas and the Norwegian Experience. Sagaene og Norge*. Preprints – Fortrykk frå den 10. internasjonale sagakonferanse, Trondheim 3.-9. august 1997. 675-684.

**Notar:**

- <sup>11</sup> '[...] lag ei skjorte til han med skilsmáls halsopning, og sei deg skild frá han av den grunn'. (Fidjestøl 1994, 88. Alle omsettingar frá Laksdøla er frá den utgåva.)
- <sup>2</sup> "Er det sant, Tord, at Aud, kona di, jamt går i brok med bakstykke, vikla med band heilt ned til skorner?" Han svara at det hadde han ikkje sett noko til. "Det er vel lite i det, då," sa Gudrun, "når ikkje du har sett det, men kvifor skal ho då heite Brok-Aud?" Tord sa: "Eg kan ikkje tru det er lenge ho har vore kalla så." Gudrun svara: "Det er verre for henne at ho skal bere dette namnet lenge heretter." (Fidjestøl 1994, 89)
- <sup>3</sup> "[...] kva fylgjer det kunne få om ei kone jamt gjekk i brok som ein kar. Gudrun svara: "Same straff er det for koner på deira side som for ein kar om han har så stor halsopning at brystvortene hans er synlege; bái delar er skilsmálsgrunn." (Fidjestøl 1994, 89)
- <sup>4</sup> "[...] at ho kledde seg i bakstykke-brok som ei karkvinne." (Fidjestøl 1994, 89)
- <sup>5</sup> 'at ho dá gjekk i brok, er visst nok.' (Fidjestøl 1994, 90)
- <sup>6</sup> 'Ho gjekk inn i sengekoven; men Tord sov med andletet i veret. Då vekte Aud han, men han snudde seg bette om på sida, då han såg at nokon var komen. Ho drog då eit saksverð [eit kort, einægga sverd, E. H.] og stakk til Tord, så han fekk store sår; han vart råka på høgre handa og sára på bái brystvortene. Så hardt stakk ho til, at sakset stod fast i senga.' (Fidjestøl 1994, 91)
- <sup>7</sup> 'bringesára grodde godt, men handa vart slett ikkje bette á gripe med enn før' (mi omsetting; Fidjestøl [1994, 91] har 'men handa vart ikkje bette.')
- <sup>8</sup> 'Med á sære han på brystet gjer ho han til kvinne. Brystvorter er eit kvinneleg organ på manns kroppen som ikkje har noka oppgáve der, og når dei blir sára, strøymer det ut or dei, ikkje mjólk, men blod. Med høgre handa held menn om sverda sine, "men den handa vart slett ikkje bette á gripe med enn før."'
- <sup>9</sup> Mannsskjorter var mindre nedringa enn kvinneskjorter, så det var berre kvinneskjorter som viste mannens brystvorter (Likevel kunne kvinneskjortene skjule brystvortene til kvinnene som gjekk med dei).
- <sup>10</sup> 'Hvis kvinder gør sig så perverse, at de går i mandsklæder, eller hvilken mandsskik de anlægger for at være afvigende, og ligeledes med de mænd, der antager kvinders skik, på hvilken måde det nu er, så straffes det med landsforvisning, hvem det end er.' Preben Meulengracht Sørensen si omsetting (Meulengracht Sørensen 1995, 237, note)
- <sup>11</sup> 'Om natta ville Torgils vaka over guten. Som ein kar hugsá han på mannsmot, han kunne ikkje sjá at barnet fekk leva om det ikkje vart gjort noko stort for det, og han ville ikkje at barnet skulle dý. Da let han skjera i brystvorta si, og det kom ut blod. Så let han dra i ho, og da kom det blanding, og han gav seg ikkje før det var mjólk. Av den fóddeste guten, og om natta vága han ikkje vaka før han la glór under fótene sine.' (Mi omsetting)
- <sup>12</sup> Soga er overlevert i to versjonar, ein lang og ein kort. Den lang er no rekna for á vera mest opphavleg, men den er berre overlevert i brot. Den korte, som no blir no rekna som ei yngre forkorting, er overlevert fullstendig (Vilmundarson og Vilhjálmsson 1991, CXXXVIII-CXL).
- <sup>13</sup> 'Torgils sa han måtte bera over med kvinnene om dei var meir glade i søgborn enn i anna folk.'
- <sup>14</sup> 'Frue! Slik hjelper eg deg av med lendecløa, og dette kallar eg skamhogg.' (Mi omsetting)
- <sup>15</sup> Preben Meulengracht Sørensen (1986) meiner Gisle skaper den erotiske situasjonen for á legitimere drapet moralsk. Kona til Torgrim, Tordis, er syster til Gisle, og etter lova kan han da utan vidare drepa den som har seksuelt samkvem med henne utan á vera ektemannen hennar. Og når Torgrim har drepi fostbror til Gisle, kan Gisle ikkje lenger kan



godta han som svoger, og dermed meine Torgrim er ein slik mann. Med den erotiske scenen Gisle får i stand, set han da Torgrim i same situasjonen som den forførfaren han har lov til å drepa. Slik får han eit slag moralsk rett til å drepa Torgrim, jamvel om ekteskapet formelt er i orden. - Vésteinn Ólason (1994) avviser at Gisle medveti skaper ein erotisk situasjon. Grunnen til at han rører ved ekteparet i senga er berre at han må finne rett person i mørkret, meiner Vésteinn Ólason.

<sup>16</sup> 'den som deler seng med den sovande er mann'

<sup>17</sup> 'Han gjekk jamt kledd i ein raud skarlakskjortel med ei gråverkskappe utanpå og bjørneskinnschuve på hovudet og eit sverd i handa. Det var eit stort og godt våpen med hjalt av kvalrosstann; det fanst ikkje sølv på det, men bladet var kvast og det sette seg ikkje rust på det. Dette sverdet kalla han Fotbit, og han hadde det alltid for hand.' (Fidjestøl 1994, 77)

<sup>18</sup> Deretter let ho setje seg på land, og jenta hadde ho på fanget. Dette var i solrenninga. Ho gjekk over landgangsbrua og ut på skipet. Der sov alle mann. Ho gjekk til den skinnsenga Geirmund sov i; sverdet Fotbit hekk på ein krok. Turid set no vesle Gro i skinnsenga, men greip Fotbit og tok det med seg. Så går ho av skipet til følgesmennene sine. No tek jenta til å gråte, og av det vaknar Geirmund og set seg opp, kjenner barnet og tykkjest vite kven som stod bak dette. Han sprett opp og vil trive sverdet, men fekk ikkje tak i det, som rimeleg var [...] (Fidjestøl 1994, 79)

<sup>19</sup> 'Eg vil heller vera av med mykje gods enn eg vil misse sverdet.' (Fidjestøl 1994, 79)

<sup>20</sup> Med det drep han sidan Kjartan.

<sup>21</sup> 'Med åtgjerda si "kastrerer" Turid mannen sin og gjer han samstundes til kvinne, til eit madonnabilete, med ungen hos seg i skinnfellen. Med dette mistar han makta si, og det kan vera symbolsk at han kjem bort utanfor kysten av Noreg med skipet sitt og ungen.'

<sup>22</sup> 'sleppe det langt frå handa.'

<sup>23</sup> Såleis *Orvar-Odds saga* (Jónsson 1954, II:323), *Hallfreðar saga* (Sveinsson 1939, 199), *Egils saga* (Nordal 1933, 297), *Vatnsdæla saga* (Sveinsson 1939, 75), *Eyrbyggja saga* (Sveinsson og Þórðarson 1935, 175-176), *Kjalnesinga saga* (Halldórsson 1959, 7).

<sup>24</sup> *Blótkelda* (*Kjalnesinga saga*, Halldórsson 1959, 7) og *Glæsiskelda* (*Eyrbyggja saga*, (Sveinsson og Þórðarson 1935, 176).

## "VIRKELIGHETEN, DEN DUSJEN" JAN ERIK VOLD GJENNOM FIRE TIÅR

Henning Howlid Wærp

### I Innledning

Hvis man er så heldig å eie samtlige Jan Erik Volds diktsamlinger – eller i hvert fall en god del av dem – og setter dem ved siden av hverandre i bokhylla, oppdager man at alle bøkene har samme format: 19 cm høye og 17,5 cm dype.<sup>1</sup> De fremstår altså i bokhylla som en serie. På ryggen av bokserier kommer det av og til fram et mønster, eller forfatterens signatur, som i en utgave av Agatha Christes krimbøker. Skulle man tenke seg en innskrift på Jan Erik Volds "serie", måtte det bli *DIKTET*. Og, kunne en si, Jan Erik Vold skriver ikke enkelt-dikt, men diktsamlinger; allerede fra starten av ser vi hvordan bøkene enkeltvis har prosjekt-karakter, der Vold ofte selv har stått for bokutstyret. Hver ny diktsamling har et nytt konsept, og spennvidden i forfatterskapet er imponerende: fra systemdiktning (*blikket*) til haikudikt (*spor, snø*), fra prosadikt (*fra rom til rom SAD & CRAZY*) til skillingstrykk (*IKKE*), fra reiseskildring (*sirkel, sirkel*) til heimstaddiktning (*Mor Godhjertas glade versjon. Ja*), fra meditasjon (*S*) til provokasjon (*kykelipi*) – i en stadig pendling mellom konsentrasjonslyrikk og ekspansjonslyrikk: en bjelles enslige pling og jazzens utbyggende frase.

Likevel er den poetikken som styrer disse prosjektene ganske enhetlig. Selv om Jan Erik Vold aldri har skrevet en poetikk (noe flere av hans dikterkolleger i Norden har gjort), er det vel ingen norsk lyriker som har gitt et klarere program for sin diktning enn han – gjennom en rekke essays om *andre* poeter. Ved å se på hva han kritiserer eller roser hos andre lyrikere kan man utmynte Volds poetikk slik, i hans egne ord, og i fire punkter: (I) "Fortell hva du så! (Ikke hva du senere tenkte)";<sup>2</sup> (II) "Dikteren er kamera: Han formidler et bilde han selv ikke tar del i på annen måte enn ved selve valget av utformingen av motivet";<sup>3</sup> (III) "Vi i Vesten har vært så opptatt med å finne ut *hvorfor* tingene er – det egentlige mysterium er *at* tingene er. Hva som gjør et dikt til dikt? At det gjør tingenes mysterium levende igjen for oss, så vi kommer på at vi lever";<sup>4</sup> (IV) "Det å dikte er [...]"



# NORDLIT

Nummer 9, vår 2001

## Redaktører/Editors

Amilcare Cassanello (amilcare.cassanello@hum.uit.no)  
Anniken Greve (anniken.greve@hum.uit.no)  
Atle Skiftun (atle.skiftun@hum.uit.no)  
Henning Howlid Wærp (henning.waerp@hum.uit.no)  
Det humanistiske fakultet, Universitetet i Tromsø, N-9037  
telefon 77 64 42 40  
telefaks 77 64 42 39



**Artikler:**

**Marie-Theres Federhofer:** "Urbanitas" als Witz und Weltläufigkeit. Zur Resonanz einer rhetorischen Kategorie im 17. und 18. Jahrhundert ..... 3

**Michael Schmidt:** Die "Liebhaberin der Vernunft" und ihr Rechthaber". Zum Verfahren der Lächerlichkeitsprobe in Lessings Komödie "Minna von Barnhelm oder das Soldatenglück" ..... 29

**Cathrine Theodorsen:** Zur Rolle des Dilettantismus im Prozess der Ausdifferenzierung einer Österreichischen Literatur aus der deutschen Literatur ..... 45

**David Kovacs:** Acting Out: Comparative Analyses of Romantic Realism in Stephen Crane and Knut Hamsun ..... 63

**Eldar Heide:** Kvinner som gjer menn til kvinner i Laxdøla saga ..... 79

**Henning Howlid Wærp:** "Virkeligheten den dusjen". Jan Erik Vold ..... 97

**Anmeldelser:**

**Erik Egeberg:** Oskar Vistdal: *Georg Sauerwein — europear og døl. Ein dokumentasjon* ... 133

**Ole Karlsen:** Annette Fryd: *Ekfraser. Gunnar Ekelöfs billedbeskrivende digte* ..... 139

**Kaisa Maliniemi Lindbach:** Sigrun Glomsås: *Spell* ..... 147

**Henning Howlid Wærp:** Litt fra bokhøsten 2000 ..... 153

Neste nummer av Nordlit:

Identitet

Nummer 10, Høst 2001



ISBN 82-90423-60-8

ISSN 0809-1668

Forsidefoto: Ola Røe

# NORDLIT

Arbeidstidsskrift i litteratur  
Det humanistiske fakultet, Universitetet i Tromsø

